

Nye Sogndal kommune

Prosjektgruppe for – fornying og utvikling av lokaldemokratiet.

Møte 18.1.2017. kommunehuset, Leikanger.

Tid: 10-13

Møtte:

Jon Håkon Odd(leiar), Harald Offerdal, Arnstein Menes, Vibekke Johnsen og Karin Vikane
Forfall: Ole Simen Nesdal
Sekretær : Johannes Sjøtun (forfall) Kjellaug Brekkhus møtte som Mellombels prosjektleiar og sekretær.

Sak 1: Oppstart og plan for arbeidet.

Fellesnemnda har i møte 1.12.2017 i sak 21/17 gitt prosjektgruppa følgjande oppdrag:

- Det blir oppretta politisk prosjektgruppe for perioden 01.12.17 – 31.12.19 knytt til prosjektet «Fornyng og utvikling av lokaldemokratiet i kommunar med vedtak om samanslåing»
- Når kommunar skal slå seg saman aktualiserer det nokre viktige muligheiter og utfordringar,knytt til lokaldemokratiet,folkevalt styring,deltakelse og medvirkning.
- Gjennom dette prosjektet ynskjer departementet å leggje til rette for lokalt arbeid med fornying og utvikling av lokaldemokratiet.
- Ved å arrangere samlingar der ein viser gode eksemplar på lokaldemokrati,tiltak og politisk organisering og arbeidsmåtar,vil departementet bidra til formidling av kunnskap, og erfaringsspredning læring og utvikling om demokrati i kommunar som skal slå seg saman. Leiar og prosjektleiar svara på spørsmål til KMD innan fristen 12/12-17,spørsmåla vart omdelt i møte.

Mellombels prosjektleiar orienterte om samling i Oslo i regi av KMD,der deltakarar frå heile landet møtte.Det er lagt opp til ei slik samling i Mai og ei i September 2018.Vi vil kunne søkje midlar og kvar samanslåing vert tildelt kr 100.000 til arbeidet
Sækretær for gruppa og kontaktperson vert Johannes Sjøtun.

Gruppa drøfta forståing av oppgåva: Med bakgrunn i drøftingane vil leiar snarleg sende ut forslag til mandat,som ein vil informere om i møte med fellesnemnda.

Gruppa ønskjer å få til ein god prosess omkring dei ulike tema og vil arbeide etter ei inndeling på 4 pkt.

- MÅLBILDE
Der kom ein fram til 3 under pkt. som det vert arbeidd vidare med.

- 1) (Her vil prosessen ha ein eigenverdi og kan implementerast som ein del av aktivitetsprogrammet som vil,skal fremje, kommunen som demokratisk institusjon , politisk organisering (roller) ulike råd og utval. **Tiltak**

Og at kommunen sine innbyggjarar deltek i arbeidet.

- 2) Tiltrå kommunale utval/struktur.Styrke politisk rekrutering,korleis bli med i politikken?- **Tiltak**

- 3) Forbedra medverknad og informasjon - **Tiltak**

- MANDAT (vert utarbeidd og ettersendt)
- SWOT Tiltrå kommunal struktur,deltaking. Styrke/ulemper
- MØTEPLAN (sjå ref.pkt.4)

I arbeidet ønskjer gruppa å engasjere frivillig sektor, næringsliv,råd og utval og innbyggjarar elles, med målsetting om mellom anna å skape felles forståelse og engasjement i bygginga av ny kommune og knyte nye relasjonar på tvers av dei gamle kommunegrensene. Ein vil sjå litt på korleis andre liknande prosessar har vore gjennomført.

Det er viktig å få fram det beste i dei tre kommunane.

Ein vil legge opp til aktivt bruk av media i arbeidet med tanke på å nå fram og engasjere så breidt som mogeleg. Informasjon ut om aktivitetane som vert iversette: Heimesidene, Sogn avis og evt andre kanalar?

Gruppa ser det ikkje som naudsynt å ha tillitsvald som fast medlem i gruppa. Men tillitsvalde vert invitert til å delta på møte for å drøfte konkrete framlegg på eit seinare tidspunkt.

Eg set opp eit forslag til korleis ein aktivitetsplan kan sjå ut,som de kan fylle i dersom noko som framkom i møtet passar der.

Førebels aktivitetsplan «fornyng og utvikling av lokaldemokratiet

Tiltak	Kven	Korleis	Frist	Ansvar	Budsjett
Møte med ulike råd og utval	Gruppa	Møte med ungdomsråda i dei tre kommunane	I god tid før 5.April	sekretær	
Kontakt med media					

Førebels aktivitetsplan «Andre tiltak for involvering og utvikling av lokaldemokratiet »:

Tiltak	Korleis	Føremål	Frist	Ansvar
Deltakelse/medvirkning				

--	--	--	--	--

Vidare arbeid i prosjektgruppa:

Oppgåver fram til neste møte, 5 April

1. Tenke gjennom: korleis invitere? Kva slag arenaer som kan nyttast.?
2. Undersøke nærare om erfaringar frå andre kommunesamanslåingsporsessar.
3. Jon Håkon lagar forslag til tidslinje.

6.Februar: Orienterer fellesnemnda om arbeidet så langt.

5.April: Presentere for fellesnemnda framlegg til opplegg til arbeidet, tidslinje og budsjett.

4. Neste møte: Torsdag 5.April kl: rett etter møtet i Fellesnemnda(innkalling kjem seinare)

Leiarane i ungdomsråda frå dei tre kommunane vert invitert til møtet.

Ein planlegg 4 møter i 2018 og 3 møter i 2019

Kjellaug Brekkhus

Ref.